



# SKOGRYDDING I NÆROMRÅDET

Vi planlegg skogrydding rundt kraftlinjene i nærområdet ditt. Vi ønsker å utføre dette med minst mulig ulempe for alle. I faldaren finn du informasjon om kva som skal skje og korleis det skal utførast.

# KVA SKAL SKJE?



Linjerydding må utførast med jamne mellomrom for å hindre straumbrot og for å ivareta tryggleiken til dei som er i nærleiken av linja.

Tre og buskar både under og langs kraftlinjene vert felt eller kvista. Kor ofte det må gjerast er avhengig av kor raskt vegetasjonen i området veks.

Krav til avstand mellom linje og vegetasjon er størst for høgspenlinjer. Der ryddar vi normalt 5 meter til kvar side for linja.

Lågspenlinjene er dei straumlinjene som går heilt fram til kvart hus. For lågspenlinjer ryddar vi skog i ei breidde på 1,5 meter til kvar side for linja.

Merk at vi berre ryddar langs straumlinjer. Telefon- eller fiberlinjer har vi ikkje ansvar for. Vi har heller ikkje ansvar for skoging langs veglysanlegga.

# KORLEIS GJER VI DETTE?

Ved linjerydding er det mest vanleg å bruke manuell rydding med motorsag og ryddesag. Langs lågspentlinjer vil større tre, som er friske og har godt rotfeste, i mange tilfelle kunne stå, sjølv om dei er nær linja. Dei vil i så fall verte kvista, slik at det ikkje blir gnag på straumlinja, eller at nokon kan klatre i treet og kome i kontakt med linja.

Før rydding i private hagar vil vi, så godt det let seg gjere, ta direkte kontakt med deg på staden. Viss du ikkje er til stades kan mindre kvistearbeid gjerast.

Vi vil behandle trestubbane med plantevernmiddel for å unngå at det veks opp nytt kratt. Det vert ikkje gjort stubbebehandling i hagar, tettbygde strøk eller der det går husdyr. Dersom du ønskjer å reservere deg mot stubbebehandling på eigedommen din, er det høve til det om du tek kontakt.

For å hindre meirarbeid bør du unngå å plante buskar, tre eller hekk som veks seg høge i sona under anlegga våre.



## KVA SKJER MED TREVIKRET?

Trevirket tilhøyrrer grunneigaren og blir lagt att på eigedommen. I aktivt brukte beite, ved innmark, stiar, vegar og i/inntil hagar vert kvisten rydda i haugar. Alle andre stader vil kvisten liggje naturleg spreidd, då dette gjev den raskaste naturlege nedbrytinga.

## MEIR INFORMASJON

Vi håpar på eit godt samarbeid under skogryddinga slik at det kan utførast med minst mogleg ulempe for alle partar.

Du finn meir informasjon på [www.morennett.no](http://www.morennett.no).

Kontaktperson i Mørenett er Ivar Liaset, tlf. 700 50 100  
e-post: [ivar.liaset@morenett.no](mailto:ivar.liaset@morenett.no).

## MØRENETT

Mørenett AS eig og vedlikeheld eit kraftnett med om lag 7 026 km linjer og kablar (frå 11 til 132 kV), 2 587 nettstasjonar og 27 transformatorstasjonar. Distribusjonsnettet er i 12 kommunar på Sunnmøre. Regionalnettet dekkjer i tillegg kommunane Sandøy, Haram, Vestnes, Skodje, Ørskog, Stordal, Sykkylven og Stranda. Mørenett har om lag 65 000 kundar i distribusjonsnettet.

